

Naustforeininga Nytt i Naust har hatt ansvaret for oppattbygginga.

Demontering og oppattreising av grindnaust fra 1800-talet.

Nils Telle fekk i 2009 løyve frå Sund kommune til å riva eit grindnaust, og til å setja opp nytt naust i norda Straumaneset på Førdestraumen. Underteikna fekk då løyve til å overta naustet med takheller med den føresetnad at det skulle monterast oppatt ein anna stad i kommunen.



Førdestraumnaustet før demontering.

Demonteringa starta i 2010. Her måtte fyrst inn ein kranebåt for demontering av tak. Hedlene vart plassert på flåtar som vart slept og lossa i Kvalvågen. Deretter var fleire ungdomar med og fekk demontert grindverket, dette måtte merkast først. Sperrere var svært dårlege og vart kasta. Det vart tatt vare på to sperr som mal for å laga nye. Grindverket vart slept til Skogsvågen og lagra i Barholmsnaustet,



Martin Dale, Gaute Sangolt og Tomas Fjeld i 2010 da de demonterte grindnaustet. Foto: Sverre Sangolt

Av **Silje Mari Malmedal Alden**

Oppdatert 7. juni



Bit for bit demonterte gjengen grindnaustet i Førdestraumen

Vestnytt hadde sak både i 2010 og 2022



Mannskapet som demonterte villhellene av taket.



Sleping av heile naustet, det var ikkje veg fram til dette.

Fv. Gaute Sangolt, Per Olaf Halstensen, Tor Gunnar Gunnarsen, Atle Berge, Nils Telle og Sverre Sangolt. Foto: Båtførar Jan Håkon Skoge.

Først i 2019 vart utfordringa med å finna ny plassering løyst då hovudbruka på Sangolt gav løyve til plassering på felleseige, Naustbakken i Hope.

Øygarden kommune gav byggjeløyve og det vart ordna med finansiering, og ikkje minst mannskap, og dermed kunne arbeidet starta sommaren 2021.



Tomten vart planert og klargjort i juni 2021.



Det vart mange turar då grindverket og bordkledning vart henta i Barholmsnaustet.



Dei største steinhellene vart slept på ei flytebrygga frå Kvalvågen til Sangoltshopen.



Båten heiter Skabberakkje og eignar seg til praktisk arbeid.



Teglsteinen til vestsida av taket kom også sjøvegen.



Stavane hadde forskjellig lengde og det måtte murast handstein med forskjellig høgd under nokre av dei. Det er totalt 19 sneband, av desse mangla det tre stk. Desse var borte før demontering i 2010 grunna at ein skulle ha inn større båtar. Det vart laga tre nye sneband. Det var litt rote på stavleie. For å nytta dei opphavelege vart det limt inn nokre nye delar, dette måtte gjerast for å behalda styrken.



Det vart laga 22 nye sperre, desse vart laga lik dei gamle som ein hadde to igjen av. Sutak vart montert.



Det vart lagt papp av beste kvalitet på sutaket, dette for å sikra mot fugt som alltid kjem under tegl og steinheller når det er «sydnavind og vatn». Her pågår montering av lekter for tegl. Mykje finmåling, diagonalar og avstandar må stemme, for at det skal verta rett på alle sider.



På den sida som vender mot Naustbakken, og mot sjoavegen som går til nausta vart steinhellene og resten av den opphavelge bordkledningen nytta. Den gamle bordkledningen er festa med trepluggar slik det var opphavelg. Dei største hellene var rundt 250 kg og det måtte vinsj og sliskeanordningar til for å få desse på plass. Det mangla nokre heller ved demontering, nokre tolte ikkje demontering og transport. Det vart dermed berre nok steinheller att til eine sida. Det vart nytta teglstein på vestsida.



Mange detaljar skal på plass. Odd Bakke har produsert nye trepluggar for bordkledningen.



Det vart saga opp og montert ny bordkledning, av lik type som den gamle på dei tre andre sidene. Her er innspurten ved montering av teglstein. Teglstein vart også nytta til vern av vassbordet. På mønet vart det nytta bly som beslag.



Det var også gjenbruk på 1800-talet. Ei gamal sperre var brukt til neglingar (opplekking) for den ståande bordkledningen. Den er no lagra i naustet saman med litt andre materialar som vart til overs.



Pinsehelga 2022.



Arbeidet er støtta økonomisk av Sund sogelag, Øygarden kommune, Vestland Fylkeskommune og Kulturminnefondet.

Over halvparten av arbeidsinnsatsen er utført av folk under 30 år.

Kostnader	kr 105 000.-
Dugnadsinnsats 686 timar x kr 200.-	kr 137 200.-

Oppsummering og alle bilete Sverre Sangolt